

Til kommunen

Me ønskjer med dette brevet å uttrykkja sterk frustrasjon over måten kommunen handsamar spørsmålet om tunnel og vegløyning for Austrepollen. Det verkar som om bygda ikkje blir tatt på alvor, og at innbyggjarane sine ønskje og innspel blir oversette.

Det er vårt inntrykk at kommunen – i samarbeid med fylket og kanskje også Statkraft – arbeider for å få tunnelen lagt ved den gamle bomstasjonen. Dette blir gjerne grunngitt med at det kan gje større sjanse for å oppretthalda ferjetilbodet på Årsnes. Men ei slik løysing har fleire klare ulemper som ikkje blir tilstrekkeleg vurderte:

- **Gravplass og kulturminne**

Ved den gamle bomstasjonen finst ein historisk gravplass, der mellom anna Bjødlurebasen kviler. Etter kulturminnelova §4 er denne automatisk freda. Det er ein viktig kulturhistorisk stad som bør respekterast og er verna.

- **Skredfare og ustabil grunn**

Området har store mengder lausmassar – truleg nærare ein million kubikk – som må fjernast før ein kjem inn på fjell. I tillegg er området kjent for steinras, spesielt kvar vår og i overgangen mellom frost og mildvêr. Etter ei prøveboring låg det ein stein på fleire tonn på staden der boreriggen hadde stått berre veka før. Dette utgjer stor risiko både i anleggsperioden og for framtidig drift.

Alternativet ved bomstasjonen vil heller ikkje hjelpa mot den mest skredutsette staden: Øspelundskavellen. Her kjem det skred kvart år. Sidan Folgefonntunnelen kom, har det gått ras over vegen to gonger og heilt ned mot elva. Sist var det snakk om ca. 1000 kubikk stein. Kva type rassikring skal kunne hindre dette i framtida?

Historisk sett har slike problem ikkje vore eit tema ved Kålasletta.

- **Støy og støv i bygda**

Ved alternativ I (bomstasjonen) er det stor fare for støy frå tunnelopninga, som ein kjenner frå Folgefonntunnelen. Anleggsperioden vil også medføra mykje støv i bygda, noko som kan øydelegga for landbruket.

- **Anleggskostnader og grunnforhold**

Alternativ J, ved Kålasletta, har langt mindre lausmassar som må fjernast før ein kjem inn på fjell. Dette gir betre og tryggare arbeidsforhold, samt lågare anleggskostnader.

- **Framtidsretta utvikling**

Kålasletta er eit meir strategisk og framtidsretta alternativ. Her finst det reelt potensiale for å etablere ein møteplass med busstopp, ladestasjon, bensin/diesel og rasteplass. Slike tiltak vil bidra til å styrkje busetnaden og gjere Austrepollen meir attraktiv for tilflytting.

Me stiller også spørsmål ved kvifor ikkje kommunen hentar inn relevant fagkompetanse i denne saka. Me meiner det burde vore ein uavhengig faginstans – til dømes ein ekstern entreprenør – som vurderte alternativa.

Då Folgefonntunnelen skulle byggjast, skreiv ein representant frå kommunen i avisa at tunnelmassane ville dekke ca. 1,5 km² i Maurangerfjorden. Men folk i Austrepollen har også gått på skule – med ein slik påstand ville tunnelen ikkje kome ut i Odde, men nærmare Stockholm. Påstanden hadde nok stemt, hadde stein vore lettare enn vatn.

Kvifor er ikkje landbrukskontoret involvert, når det kan vere snakk om nedlegging av eitt eller to gardsbruk i anleggsperioden? Kva med målet om å vere meir sjølvforsynt – når kommunen politisk vel det alternativet som er dårlegast for matproduksjon?

Me har ei sterk mistanke om at dialogen mellom kommunen, fylket og Statkraft legg føringar for valet av trasé. Me fryktar at dette handlar om å sikre det beste tunnelalternativet for Statkraft sin eigen plan om Mauranger 2 – og ikkje det som er best for innbyggjarane i Austrepollen eller brukarane av vegen.

I tillegg må me få seia klart ifrå om at planane om fylling i skjergarden må skrinleggast. Det vil vere eit uakseptabelt inngrep i eit unikt og verdifullt naturområde. Det har blitt sendt inn forslag til deponering av stein i bygda som både ville ha styrkt landbruket og vore lite synleg i etterkant.

Dette er ein tunnel for framtida – ikkje berre eit prosjekt for å løyse kortsiktige behov.

Me ber kommunen ta inn over seg kva for val som faktisk styrkjer bygda på lang sikt, og ikkje ofre utviklingsmoglegheitene våre for å tilpasse seg eksterne aktørar sine ønskje.

Lytt til innbyggjarane. Verna historia. Bygg for framtida.

Med helsing,
Innbyggjarane i Austrepollen ved
Knut-Inge Øvrehus



Øspelundgjelet er litt til høgre for midten i bilde og går opp til 1000meter høgde. Her er det berre overbygg eller bru som gjelder som rassikring.